Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Skjåk

Emne: Juletre og julehalm | Bygdelag: Skjåk

Oppskr. av: Edvard Grimstad | Gard: Grimstad

(adresse): Lillehammer. | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nå er det vanleg i dei fleste heimar
2. Fyrste juletreet eg hugsar, var eg sjøl med og pynta: i Marlo skule 1900.
3. Dei fyrste juletre var på julefestar i skular. Det gjekk nokre år før det vart vanleg å ha juletre i heimane. Ungdomslag hadde juletrefestar den fyrste tid i kr. 1900.
4. Ukjent at stugu vart pynta slik.
5 — " — " — " — " — " —
6. På festar er treet ofte så stort at det rekker nesten opp i taket. I heimane er det helst mindre, stundom ikkje større enn at det står på eit bord.
7. Alle juletre er pynta med ymse stas som har vore å få kjøpt: glitter, små flagg, farga papir i lenker og stigar, papirkorger som er fletta på ein serskilt måte i tvo fargar. Stjerner, frukt påhengt. I korgene er det søtvarer til borna.

På alle juletre er det ljos.
8. Der det er unge gjenter, er det helst dei som pyntar treet. Elles mor.
9. Når det er tendt, står det midt i romet. Elles blir det sett bort, til det skal vera framme att. (Dette i heimane, der det er born)

3922

10. Juletreet höyrer med til högtia julekvelden. Serleg der det er born, er det framme att når det er barneselskap lenger ut i jula. Det er ikkje kjent at det er på serskilte dagar i jula.

11. Det er vanleg at husens folk gå rundt treet og syng julesalmar og songar. Born likar å få syngja leiksongar til slutt. Det er dei mest kjende songar frå songbøkene. Men fyrst er det salmar.

12. Der det er eit stort juletre, står det standom i eit rom som ikkje er nytta til dagleg, og da kan det stå jula ut. Der det er mindre om plass, blir det sett til sides, til det ved eit høve kan takast fram att.

13. Der det er born, får dei oftast hauste noko julekvelden: Kvart barn kan få ei korg eller eit stykke frukt. Skal det fram att seinare, blir det ikkje hausta heilt tomt.

14. Helst skal det vera gran til juletre. Men her i Skjåk er det lite granskog, og da har det og vore bruka furu.

15. Det er kjent at det har vore nytta "ståltrå-tre". Det var ein omreisande "kar som ein gong for med slikt.

16. Det er ikkje kjent at det har vore sett tre utafor huset julkvelden.

## Halm.

Det er sakte ingen som hugsar at det har vore halm inne på golvet julkvelden

3922
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING